



Finansdepartementet
Postboks 8008 DEP
0030 Oslo

Vår referanse
25/796 25/6689

Dykkar referanse
25/414

Sakshandsamar
Eldar Rune Øye

Dato
25.03.2025

Høyringssvar - Framlegg om avgrensing av området for redusert pris for vatn og avløp frå 25 % til 15 %

Ørsta kommune har ikkje merknader til endringa av meirverdisatsen frå 25 % til 15 % og tek dette til vitande.

Når det gjeld verknadstidspunktet har vi nokre innspel. Nokre ekstra kostnader og ekstra timebruk knytt til endring av mellom anna varenummer vil uansett kome ved ei slik omlegging. Men det er unødig tungvint og kostnadskrevjande for ein kommune når det vert sett ein verknadsdato som 1. mai for slike endringar.

Dei fleste abonnentane betalar årsgebyra kvartalsvis, halvårleg eller ein gong i året. Relativt få betaler gebyra månadleg eller fordelt på tertial. Av Ørsta kommune sine 7043 abonnentar er det 65 % som betaler kvartalsvis, 18,9 % som betaler ein årstermin og 7,6 % som får faktura to gongar i året.

Berre 7,2 % vert fakturert månadleg og 1,3 % vert fakturert kvartalsvis.

Ei endring med verknad frå 1. mai gjer at kommunen får betydelege ekstrakostnader med fakturering og auka ressursbruk på å justere og tilpasse nesten 92 % av abonnements-avtalane. Det vert også utfordringar knytt til å gjere eit korrekt vedtak om gebyr i budsjettvedtaket med ei slik endring i løpet av året.

For at endringa skal vere minst ressurskrevjande, sett frå kommunen si side, bør verknadstidspunktet vere frå 1. januar 2026, eller eventuelt 1. juli 2025. Verknad frå 1. juli vil også gje meirkostnader. Vi må ta eit ekstra årsoppgjer for vassmålarar, noko vi treng leverandørbistand for å utføre. Men ekstrakostnanande og meirarbeidet vil vere klart størst ved omlegging i mai eller andre tidspunkt.

Med helsing

Eldar Rune Øye
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Ingeborg Myklebust Bjørneset
Jan Inge Bueide